

Plan for kommunikasjon knytt til visitas

Visitas er eit godt høve til å gjere kyrkja meir synleg. Det er smart å ha ein klar plan for kva og korleis kommunikasjon rundt visitasen skal kome ut. Her er forslag til kva de kan gjere, og når det er lurt å gjere det.

Så snart datoar for visitasen er klare:

- Avtal kven som har ansvar for kommunikasjon og kontakt med media vidare.
- Legg datoane ut på kyrkja si nettside og skjerikyrkja.no.
- Omtal eventuelt visitasen i kyrkjeblad.
- Varsle kommunen og aktuelle lag/organisasjonar, slik at dei kan setje av tid og unngår parallelle arrangement.

Når programmet for visitasen er klart (om lag to månader før visitasen):

- Tenk over kva del av programmet som er mest interessant for pressa å dekke. Dette kan gjerne vere situasjonar der biskopen og kyrkja møter lokalsamfunnet, som bedriftsbesøk, skular, folk i kyrkjelyden, kommunen eller anna.
- Vurder om de allereie no vil nemne visitasen for pressa, med ein lovnad om at de vil kome tilbake med meir informasjon.
- Ta gjerne kontakt no med kommunikasjonsrådgjevar på bispedømekontoret om de ønsker innspel til kommunikasjon om visitasen eller generelt om å gjere kyrkja synleg.

To til tre veker før visitasen:

- Kontakt lokalpresse for å informere dei om at biskopen kjem på visitas. Send e-post som startar med det de trur det er mest interessant for dei å dekke. Fortel om heile programmet, og presiser gjerne kvar det er mogleg for journalistar å vere til stades og kvar det ikkje er det, om ikkje alt er ope for pressa. Legg ved lenker til aktuelle nettsider, m.a. side med pressebilete av biskopen.
- Ring helst til pressa same dag eller dagen etter og høyr om dei har motteke e-posten dersom dei ikkje svarer straks.
- Gjer avtalar om kven som tek bilete for kyrkja på dei ulike tilstellingane under visitasen.

Fredagen før visitasveka:

- Kontakt lokalpresse igjen, avtal kven som kjem når, og ønsk dei velkomne.



DEN NORSKE KYRKJA
Bjergvin bispedøme